

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Førde HF

DATO: 18.03.2020
SAKSHANDSAMAR: Arve Varden/Kjell Inge Solhaug
SAKA GJELD: **Nye Førde sjukehus**

ARKIVSAK: 2020/1992

STYRET:
Styret i Helse Førde HF

MØTEDATO:
23.03.2020

STYRESAK:
020/2020

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret gjev administrerande direktør løyve til å arbeidet vidare med løysingar som optimaliserer Alternativ 3 for Nye Førde sjukehus.
2. Styret ber administrerande direktør utarbeide planar for reduksjon av prosjektet tilsvarande 70 millionar kroner.
3. Styret ber administrerande direktør gjennomføre ein forenkla KSK(Ekstern kvalitetssikring av konseptval) for Alternativ 3 for Nye Førde sjukehus.
4. Kostnadsmål for alle delprosjekta i Nye Førde sjukehus er 1 803 millionar i 2020 kroner.
5. Kontrakt for bygging av Livabygget skal leggest fram for styret til endeleg godkjenning.

Oppsummering

Arbeid med vidareutvikling og optimalisering av forprosjektet har medført at ein i prosjektet ser behov for eit endringsomfang som må leggast fram for styret.

To nye alternativ er gjennomdrøfta med driftsorganisasjonen, og vi har med det tre alternativ:

- Alternativ 1: Forprosjekt, framlagt og vedteke desember 2018
- Alternativ 2: Vidareutvikla forprosjekt, framlagt sommaren 2019
- Alternativ 3: Livabygg i åtte etasjar, framlagt haust 2019

Administrerande direktør meiner Helse Førde bør arbeide vidare med alternativ 3 for å gjere dette så godt som råd.

Dette alternativet er det som best ivaretek tilhøva for pasientar og tilsette i byggetida samstundes som det aukar fleksibiliteten for framtidige endringsbehov. Alternativet gir og det største potensialet for å hente ut framtidige gevinstar innan kvalitet og økonomi.

Det skal arbeidast vidare mot eit kostnadsmål på 1 803 millionar kroner (2020), og det må difor etablerast gode planar som kan redusere prosjektet med 70 millionar ved behov.

Alternativ 3 kan etter administrerande direktør si vurdering gjennomførast med den lånetilsegna som prosjektet har frå Helse- og omsorgsdepartementet(HOD).

Fakta

Forprosjekt Nye Førde sjukehus var vedteke i styresak 93/2018, og arbeid med detaljprosjektering og gjennomføring av delprosjekta vart med dette starta opp.

Arbeid med vidareutvikling av forprosjektet har medført at Helse Førde i prosjektet ser behov for eit endringsomfang som må leggast fram for styret.

Det er ved utgangen av 2019 gjort eit tilbakeblikk på utviklinga frå 2015, og denne syner at vi kan gå vidare med rom-programmet frå forprosjektet. Rom-programmet, og dei prinsipielle driftsmodellane, ligg derfor fast frå forprosjektet, og har vore ein føresetnad for å vidareutvikle forprosjektet.

To nye alternativ er gjennomdrøfta med driftsorganisasjonen, og vi har med dette tre alternativ:

- Alternativ 1: Forprosjekt, framlagt og vedteke desember 2018
- Alternativ 2: Vidareutvikla forprosjekt, framlagt sommaren 2019
- Alternativ 3: Livabygg i åtte etasjar, framlagt haust 2019

Kommentarar

Vi har for alle alternativa fortsatt den same økonomiske utfordringa som i forprosjektet, der vi identifiserte at løysingane var kalkulert til 70 millionar over vedtekne investeringsramme. Alternativ 3 skil seg ut som eit klart val for vegen vidare i prosjektet, og dei sentrale punkta i vurderinga er knytt til:

- Betre tilhøve for pasientar og tilsette i byggetida.
- Mindre risiko for tap av pasientgrupper, fagfolk, ineffektiv drift og ekstra driftskostnader i byggetida.
- Auka potensiale for å ta ut framtidige økonomiske driftsgevinstar.
- Fleksibilitet til å møte endringsbehov i framtida.
- Alternativet løyser behov for leige av kontorareal og reduserer framtidige driftskostnader.

Det er for alternativ 3 etablert eit kostnads mål som ligg 70 millionar over gjeldande investeringsramme. Det skal i prosjektet utarbeidast planar for kostnadsreduksjonar som gjer det mogeleg å kutte 70 millionar, dersom det oppstår kostnadsoverskridingar i gjennomføringa eller at bereevna til Helse Førde blir svekka. Det skal vidare i gjennomføringa leggest til grunn, som i forprosjektet, ei ambisiøs målsetjing om å spare opp reserver i gjennomføring av dei enkelte delprosjekta.

Alternativ 3 kan etter administrerande direktør si vurdering gjennomførast utan auka låneopptak frå HOD, og det er ei mindre endring på behov for lån av bereevne frå Helse Vest. Utrekning av bereevne er gjort med basis i det etablerte kostnads målet for alternativ 3 med ei investering på 1733 + 70 millionar.

Det skal i samhandlingsprosessen vidare skapast tryggleik for den totale kostnadsramma for prosjektet. Ferdig forhandla kontrakt for bygging av Livabygget skal som tidlegare skissert leggest fram for styret for godkjenning.

Sjølv om Alternativ 3 etter administrerande direktør si vurdering kan gjennomførast innanfor lånaramma frå HOD, bør det gjennomførast ein uavhengig gjennomgang på at Alternativ 3 er ein rett veg vidare. Den uavhengige gjennomgangen kan gjennomførast som ein avgrensa KSK(Ekstern kvalitetssikring av konseptval) ved å gjennomgå og oppdatere KSK rapporten frå 2015.

Konklusjon

Administrerande direktør meiner Helse Førde bør søkje løysingar gjennom vidare arbeid med Alternativ 3. Dette alternativet er det som best ivaretek tilhøva for pasientar og tilsette i byggetida, samstundes som det aukar fleksibiliteten for framtidige endringsbehov. Alternativet vil også gi det største potensialet for å hente ut framtidige gevinstar innan kvalitet og økonomi.

Administrerende direktør meiner og det er nødvendig med eit kontinuerleg fokus og arbeid mot eit kostnadsmål på 1803 millionar 2020 kroner. I tillegg må det etablerast ein plan for reduksjonar i prosjektet tilsvarande 70 millionar kroner.

Administrerende direktør er av den oppfatning at Alternativ 3 kan gjennomførast med det lånetilsegna som prosjektet har fått frå HOD.

Vedlegg

Vedlegg 1: Rapport om val av løysing for Livabygget

Vedlegg 2: Teikningsbok alternativ 3